



**Felles Landbrukskontor ÅLA**

# Årsmelding 2013



*Sau på beite - foto: Magnhild Aspevik*

## Innhald

1	Tilskotsforvaltning .....	5
1.1	Sentrale ordningar.....	5
1.1.1	Produksjonstilskot i jordbruket .....	5
1.1.2	Velferdsordningane i jordbruket .....	5
1.1.3	Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar.....	6
1.1.4	RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk - OBB .....	6
1.1.5	Investeringsmidlar til organisert beitebruk .....	7
1.1.6	BU-midlar gjennom Innovasjon Norge.....	8
1.1.7	Søknad om avlingssvikt .....	8
1.1.8	Søknad om vinterskade på eng.....	9
1.1.9	Søknad om erstatning for tap av sau på utmarksbeite (tap av sau på beite).....	9
1.2	Lokale ordningar – tilskot og fond .....	9
1.2.1	Årdal.....	9
1.2.2	Lærdal.....	10
1.2.3	Aurland.....	10
2	Lov og regelverksforvaltning .....	11
2.1	Konsesjonslov, jordlov og lov om forpaktning .....	11
3	Skogbruk – diverse.....	12
3.1	Skogrådgeving i Indre Sogn .....	12
4	Viltlova.....	13
5	Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag .....	14
5.1	Naturmangfoldlova.....	14
5.2	Andre lovar .....	15
6	Andre oppgåver og tiltak.....	15
6.1	Planarbeid .....	15
6.2	Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda .....	15
6.3	Veterinærvakt .....	15
6.4	Verneområde .....	16
6.5	Informasjon.....	16
7	Prosjekt sau og utmark 2012-2016.....	16

## Innleiing

Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har inngått avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Felles Landbrukskontor. Lærdal kommune er vertskommune og avtalen gjeld samarbeid mellom kommunane om utføring av kommunale oppgåver knytt til landbruksforvaltninga i kommunane. Samarbeidet starta 1.7.2007.

Kontoret skal tilby betre tenester samla enn kva kommunane klarer kvar for seg. Kontoret skal gje råd, rettleie og informere brukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor kontoret sitt ansvars- og arbeidsområde. Arbeidet omfattar lov- og regelverksforvaltning og tilskotsforvaltning (næringsarbeid) mm.

### Organisering

Kontoret er lokalisert i Lærdal rådhus. På rådhuset i Aurland er det eit kontor til disposisjon, det er bemanna deler av veka elles etter avtale. Lærdal kommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og ansvar for rekneskap.

Kostnadane med kontoret skal fordelast slik:

Årdal kommune: 16 %

Lærdal kommune: 54%

Aurland kommune: 30 %

Alle politiske og administrative vedtak som gjeld kvar einskild samarbeidskommune skal handsamast og arkiverast i den kommunen saka gjeld.

Rådmannen i Lærdal har det øvste administrative ansvaret for Felles Landbrukskontor ÅLA. Avtalen vart godkjend på nytt i 2010 med 4 stillingsheimlar. Endring av fast bemanning må godkjennast av dei to andre kommunane.

### Tilsette i 2013

Magnhild Aspevik	Landbrukssjef
Solgun Haugen	Sakshandsamar
Ingunn Bårtvedt Skjerdal	Sakshandsamar (fram til 1.8.2013)
Marianne Nygård	Sakshandsamar (frå 1.11.2013)
Gunnstein Husdal	Prosjektmedarbeidar og ekstrahjelp
Jostein Vonheim	Prosjektleiar sau og utmark (1.3.-1.10.2013)
Ivar Bjarne Undredal	Prosjektleiar sau og utmark (frå 1.12.2013)

Det er inngått avtale om å leiga oppgåver knytt til kommunal viltforvaltninga hjå Aurland Fjellstyre. Denne avtalen gjeld frå mai 2012. I 2013 har arbeidet vorte utført av Knut Fredrik Øi og Håkon Øydvin, og utgjer 827 timar (om lag 50% stilling).

*Sakshandsaming*

Felles Landbrukskontor ÅLA gjer administrative vedtak og førebur saker for politisk handsaming.

**Tabell 1 Tal saker med vedtak handsama og førebudd for handsaming av Felles Landbrukskontor ÅLA**

Kommune	Årdal	Lærdal	Aurland	Tal vedtak adm/politisk
<b>Administrative vedtak</b>	<b>11</b>	<b>35</b>	<b>57</b>	<b>103</b>
<b>Politisk handsama</b>	<b>11</b>	<b>19</b>	<b>17</b>	<b>47</b>
<b>Tal saker pr kommune</b>	<b>22</b>	<b>54</b>	<b>74</b>	<b>150</b>

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

**Tabell 2 Samlerapport for økonomiske verkemiddel som kontoret har vore sakshandsamar for**

Kva	Samla sum kr:
Produksjonstilskot	
Avløysar refusjon sjukdom, ferie og fritid	
Manuelle utbetalingar	34 011 853
SMIL-midlar – løyvd tilskot	949 500
RMP-mildar	1 794 843
Investeringsmidlar til organisert beitebruk	90 500
BU-midlar – løyvd tilskot	2 307 000
Årdal lokale tilskot	190 065
Lærdal lokale tilskot	666 817
Aurland lokale tilskot	37 047
Fellingsavgift – innkrevjing	194 890
Skog – diverse tilskot	1 525 488
Verdsarvmidlar	2 232 280
Veterinærvakta – driftstilskot og kommunalt tilskot	1 120 188
<b>Sum</b>	<b>45 120 471</b>

Kjelde: Arkiva Årdal, Lærdal og Aurland

*"Bygdeutviklingskontor"*

Mange viktige tema og saker er innom kontoret. Landbrukseigedomar og naturressursar er utgangspunkt for utvikling av ulike prosjekt som skapar aktivitet. Arbeidsdagane på kontoret er spennande og interessante. Me arbeidar med utfordringar som har mykje å seie for den enkelte og for utvikling av bygdene og kommunane. Dei tilsette på kontoret har stort nettverk og er eit bindeledd mellom dei tre kommunane både administrativ, politisk og på fag og grunneigarnivå. Kontoret har og stort nettverk utanfor kommunane. Dette er viktig for å marknadsføra og skapa gode kontaktar for saker me arbeidar med. Til dømes er *Prosjekt sau og utmark* utvikla gjennom dette nettverket.

## 1 Tilskotsforvaltning

### 1.1 Sentrale ordningar

#### 1.1.1 Produksjonstilskot i jordbruket

Tabell 3 Beløp utbetalt produksjonstilskot og avløysartilskot ÅLA 2013

	Årdal	Lærdal	Aurland
Produksjonstilskot 2013	1 506 206	16 275 909	11 230 923
Avløysartilskot 2013	212 266	2 349 210	1 802 807
Totalt utbetalt 2013	1 718 472	18 625 119	13 033 730
<b>Totalt utbetalt ÅLA 2013</b>	<b>33 377 321</b>		

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

Tabell 4 Beløp og tal søknadar som er utbetalt manuelt i samband med søknad om produksjonstilskot ÅLA 2013

	Årdal	Lærdal	Aurland
Manuell utbetalingar 2013	12 392	241 015	133 105
Tal saker total	17		

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Dette er utbetalingar som kjem etter dei sentrale utbetalingane. Det skuldast søknadar som vart stoppa, for lite utbetalt avløysartilskot, feilregistrering av sakshandsamar, systemfeil på returslakt, grovfôrsal, problem med kontroll mot Debio, feil i dispensasjonskodar. Dei færraste av utbetalingane skuldast feil hjå søkjar, men feil i rapporteringssystemet hjå SLF.

Tabell 5 Oversikt over tal søknadar om produksjonstilskot og tal kontrollar i ÅLA 2013

	Årdal	Lærdal	Aurland
Januar 2013	8	85	59
August 2013	10	100	62
<b>Totalt tal søknadar om produksjonstilskot</b>	<b>18</b>	<b>185</b>	<b>121</b>
Tal kontrollar januar 2013	1	5	3
Tal kontrollar august 2013	1	5	4
<b>Totalt tal kontrollar</b>	<b>2</b>	<b>10</b>	<b>7</b>

Kjelde: SLF og Felles Landbrukskontor ÅLA

Det vart meir jobb enn vanleg med søknadsomgangen august 2013 sidan dette var fyrste hausten dei oppdaterte karta og arealgrunnlaget skulle nyttast i alle tre kommunane.

#### 1.1.2 Velferdsordningane i jordbruket

##### Avløysing ferie og fritid

Dette er ei refusjonsordning som går innunder søknad om produksjonstilskot i januar. Maks avløysartilskot vert bestemt ut frå dyretalet året før. Avløysartilskot ferie og fritid som er utbetalt i 2013 er refusjon av utgifter til avløysar i 2012. For beløp sjå tabell 6.

*Avløsning ved sjukdom m.v.*

Avløsning ved sjukdom m.v. er ei refusjonsordninga der ein gardbrukar kan få tilbakebetalt utgifter til avløysar i samband med t.d. eigen sjukdom med sjukmelding.

**Tabell 6 Oversikt over tal saker og utbetalt beløp i samband med søknad om tilskot til avløsning ved sjukdom m.v i ÅLA 2013**

	Årdal	Lærdal	Aurland
<b>Utbetalt beløp</b>	47 630	88 122	112 268
<b>Total saker</b>			10

Kjelde: FMLA

### 1.1.3 Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL midlar

#### *Spesielle miljøtiltak i jordbruket*

SMIL-midlane er midlar frå landbruksoppgjeret som vert fordelt til kvart fylke.

Fylkesmannen fordeler midlane vidare til kommunane. Kommunen er ansvarleg for forvaltning av midlane etter gjeldande forskrift og lokal tiltaksstrategi for SMIL-midlar.

Kommunane våre har tiltaksstrategi som gjeld for perioden 2013 -2016.

**Tabell 7 SMIL-midlar tal, søknadar og midlar til fordeling i Årdal, Lærdal og Aurland**

	Årdal	Lærdal	Aurland	Sum
Tal søknadar total	3	19	28	50
Søknadssum totalt	371958	1020854	1117487	2510299
Tal innvilga søknader	3	16	25	48
Søknadssum innvilga søknader	371958	770949	830885	1860792
<b>Løyvd tilskot</b>	<b>130 000</b>	<b>364500</b>	<b>420000</b>	<b>914500</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

#### *Åkerriksemidlar*

Det vart tildelt og løyvd kr 5000 i SMIL-midlar til bevaring av hekkeområde til fuglen åkerrikse, som er på raudlista.

### 1.1.4 RMP - Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane - inkl driftstilskot til organisert beitebruk - OBB

*”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane skal stimulera til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylke. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med nasjonale produksjonstilskot ei årleg driftstøtte til føretak i drift som oppfyller visse vilkår. Tilskota i miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet”* (kjelde Rettleiingshefte 2013)

Alle føretak som kan søkja på produksjonstilskot i jordbruket, har landbruksdrift i Sogn og Fjordane og oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søkja.

Nytt frå 2013 var at det vart opna for å søkja elektronisk på RMP/OBB i det nye fagsystemet eStil, eit felles program for heile landet. Dette medførte at ein del av tilskotsordningane fekk nye og til dels "misvisande" namn. I tillegg kom det inn krav om kartfesting av alle tiltak. Grunna desse endringane og store "innføringsproblem"/"startproblem" med programmet vart det uforholdsmessig mykje arbeid med denne ordninga i 2013.

Ca 64 % av RMP og ca 57 % av OBB søknadane var elektroniske denne søknadsomgangen. Sakshandsamar hjelpte fleire søkjarar med å levere søknaden elektronisk, slik at det kan vera litt av grunnen til høg %-andel elektroniske søknadar. Det var betre å få kartfesta alt saman med søkjar i staden for å gjera det utfrå handteikna kart i etterkant.

**Tabell 8 Oversikt over utbetalingar i 2013 for dei ulike ordningane innan Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane i ÅLA inkl. driftstilskot organisert beitebruk etter søknadsomgangen i 2012**

Tilskotsordning	Årdal	Lærdal	Aurland
Stølsdrift med mjølkeproduksjon	-	48 000	256 000
Drift av bratt areal	17 850	79 120	467 385
Skjøtsel med ammegeit og kje	-	37 200	41 650
Beitedyr i verneområde	3 850	-	177 500
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne, steingardar og bakkemurar	19 539	234 409	64 785
Skjøtsel av styvingstre	-	13 350	18 750
Driftstilskot til organisert beitebruk	8 745	47 420	22 080
Skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker	-	149 290	82 920
Bevaringsverdige husdyrrasar	-	-	5 000
<b>Tal søknadar som har fått utbetaling</b>	<b>10</b>	<b>44</b>	<b>56</b>
<b>Totalt utbetalt for søknadsomgangen</b>	<b>49 984</b>	<b>608 789</b>	<b>1 136 070</b>

Kjelde: FMLA

**Tabell 9 Tal søknadar på Regionalt miljøprogram Sogn og Fjordane i 2013 og driftstilskot til organisert beitebruk i ÅLA i 2013**

	Årdal	Lærdal	Aurland
Tal søknadar på RMP i 2013	8	44	53
Tal kontrollar totalt			7
Søknadar organisert beitebruk 2013	2	1	4
<b>Totalt tal innkomne søknadar</b>	<b>10</b>	<b>45</b>	<b>57</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### 1.1.5 Investeringsmidlar til organisert beitebruk

Søknadar vert handsama og tilrådd av kommunen. Fylkesmannen godkjenner og løyver midlar. Kommunen godkjenner tiltak og tilrår utbetaling.

Det vart utdelt tilsaman kr 965 700,- i heile Sogn og Fjordane innan denne tilskotordninga i 2013.

Tabell 10 Oversikt over tildeling av "Investeringsmidlar til organisert beitebruk" i ÅLA 2013

	Beitelag	Tiltak	Tilskot
Årdal	Naddvik beitelag	Etablering av salteplass for sau,	10 500
	Ofredal beitelag	Helikopterleiting etter sau 2012, vedlikehald av bruer, oppsetting av sankekve og gjetar	56 000
Lærdal	Lærdal sankelag	E-bjøller	11 000
	Lærdal sankelag	Radiobjøller og radiohalsband til storfe og sau	4 000
	Lærdal sankelag	Samlekve til sau på Sluten	9 000
	<b>Samla sum</b>		<b>90 500</b>

Kjelde: FMLA

### 1.1.6 BU-midlar gjennom Innovasjon Norge

Kontoret har ei viktig informasjonsrolle for dei som ynskjer å søkje om BU-midlar. Søkjarar er, som oftast, i kontakt med kontoret før søknad vert sendt inn. Kommunen v. landbruksforvaltninga må gje uttale til innleverte søknadar, før handsaming hjå Innovasjon Norge. Kommunen godkjenner ferdige prosjekt og tilviser løyvde midlar.

Tabell 11 BU-midlar tildelt gjennom Innovasjon Norge fordelt på kommune, tiltak og tilskot.

Kommune	Søkjar	Formål	Tilskot	Lånebeløp for rentestøtte
Lærdal	Harald Blaaflat Mundal	Investeringstilskot – fornying frukthage	112 000	
	Knut Raa AS	Optisk sortering av gulrot	770 000	1 300 000
	Marius Løkken Larsen	Driftsbygning for geit	330 000	400 000
	Mark Brooks	Dekkesystem moreller	77 000	
Aurland	Norsk geitesenter SA	Bedriftsutviklingsmidlar	100 000	
	Odd Ohnstad	Bedriftsutviklingstilskot	275 000	
	Magne Underdal	Driftsbygning for geit	473 000	806 000
	Laila Kvellestad	Bedriftsutviklingstilskot	170 000	
<b>Sum</b>			<b>2 307 000</b>	<b>2 506 000</b>

Kjelde: Innovasjon Norge

### 1.1.7 Søknad om avlingssvikt

Jord- og hagebruksføretak kan søkja om erstatning for betydeleg avlingssvikt som er forårsaka av klimatiske forhold som det ikkje er mogeleg å sikra seg mot.

Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama totalt 16 søknadar om avlingssvikt i ÅLA i 2013.

Det var nesten ikkje eit bringebærfelt i Lærdal det ikkje var avlingsskade på i 2013. Nokon felt måtte skjærast heilt ned, medan andre hadde sterkt redusert avling. Dette skuldast dei spesielle vêrforholda som var våren 2013 med langvarig kulde og lite nedbør. Morellhagane klarde overvintra bra og gav store avlingar i 2013.



### 1.1.8 Søknad om vinterskade på eng

Eigedommar som har hatt store vinterskader på eng og må iverksetta tiltak for å redusera avlingssvikt kan søkja om økonomisk støtte for å sikra at ei avling av gras eller grønfôr kan haustast dette året.

Grunna dei spesielle vêrforholda som var våren 2013 med langvarig kulde og lite nedbør vart det store problem med isbrann nokon plassar i Lærdal, spesielt i eit område på Borgund. Fleire hadde nærmare 100 % skade på noko av arealet sitt. Det var mykje ny eng som vart skada. Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama 7 søknad om vinterskade på eng i ÅLA i 2013.

### 1.1.9 Søknad om erstatning for tap av sau på utmarksbeite (tap av sau på beite)

Sauueigarar kan søkja om erstatning for store og uforutsette tap av sau på utmarksbeite som ikkje skuldast freda rovvilt. Felles Landbrukskontor ÅLA har handsama ein søknad om tap av sau på beite i ÅLA i 2013.

## 1.2 Lokale ordningar – tilskot og fond

### 1.2.1 Årdal

#### *Årdal landbruksfond*

Årdal landbruksfond saldo pr 31.12.2013: kr 320 713,02, ingen bevegelse på konto.

Fondskapitalen skal vere på kr 325 000, og fondet har difor pr datao ikkje midlar å dele ut.

#### *Kommunalt tilskot til landbruket i Årdal*

Reglane for kommunalt tilskot til landbruket i Årdal er godkjent av kommunestyret i saknr. 38/93. Jf reglane er det løpande søknadsfristar knytt til desse midlane. I 2013 var det ikkje sett av midlar i budsjettet.

#### *Viltfond*

Viltfond saldo pr 31.12.13: kr 251 256

- Utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen: kr 38 625
- Innbetaling: fellingsavgift: 35740 (2012) + 39910 (2011)

#### *Fiskefond*

Saldo pr 31.12.12: kr 2 748 112

- Utbetling i 2013: Årdal jeger og fisk kr 147 000 og Ole Bjarne Hovland kr 4 440
- Innbetaling: 112 985

#### *Fond for vilt, fisk og friluftsliv*

Saldo: 31.12.2013: kr 688 638,42

- Innbetaling: 48 931,41
- Ingen utbetaling

### 1.2.2 Lærdal

Lærdal kommune har nærings- og konsesjonsavgiftsfond som mellom anna kan nyttast til investeringar i landbruket. I 2013 vart selskapet Lærdal Næringsutvikling AS skipa (LNU). Søknadar om støtte frå fondet vert no førebudd av LNU, med endeleg avgjerd i formannskapet. Det er Felles Landbrukskontor ÅLA som har ansvar for sakshandsaminga i kommunen. LNU kjøper denne tenesta.

Løyvde midlar i 2013:

#### Tilskot til bærplanting:

Kontoret har ein del arbeid med søknad om kommunalt tilskot til planting av bær både før og etter løyving. Slike saker går vanleg vis over fleire år.

**Tabell 12 Oversikt over løyvingar tilskot til bærplanting i Lærdal 2013**

	Bringebær	Jordbær
Totalt tal daa	67,9	5,1
Totalt tal søknadar	7	2
<b>Total løyving</b>	<b>545 700</b>	

#### *Mjølkekvotar*

- Kjøp av mjølkekvotar: 1 søknad om tilskot kr 30 000,-

#### *Viltfond*

Viltfond saldo pr 31.12.13: kr 238 361

- utbetalingar til Årdal Jeger og fisk – ettersøksringen i 2013: kr 47 717
- avsett til hjortekjevvefond: kr 24 200

#### *Fiskefond*

Fiskefond II saldo pr 31.12.13: kr 942 881

- utbetalingar i 2013: kr 49 200

### 1.2.3 Aurland

#### *Viltfond*

Viltfond saldo pr 31.12.13: kr 129 866

- utbetaling til Aurland ettersøksring kr 21 947

#### *Skotpremie*

Skotpremie på rev og mink i Aurland. Kontoret tilvisar skotpremie, mot framlagd ”bevis”.

- I 2013 var det utbetalt kr 15 100,-.

## 2 Lov og regelverksforvaltning

### 2.1 Konesjonslov, jordlov og lov om forpakting

#### *Konesjon og buplikt*

Konesjonslova skal regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og slike eigar og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet. Kommunane si oppgåve er å handsame søknadar om konesjon på erver av fast eigedom, følgje opp eigedomar med buplikt m.m. Dette er ofte tidkrevjande og komplekse saker. Arbeid med oppfylgning av buplikt vert no prioritert.

#### *Jordlova med forskrifter*

Formålet til jordlova er å legge tilhøva slik til rette for at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, dersom ein ikkje kan driva arealet sjølv kan det drivast av andre gjennom avtale om utleige. Kommunane skal føre tilsyn med at driveplikta vert overhaldd. Arbeid med oppfylgning av driveplikta er no sett i gang saman med oppfylgning av buplikta.

Søknad om omdisponering vert ofte handsama som ein del av ein søknad om bygging med heimel i plan- og bygningslova eller søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Dette er saker som vi løyser i samarbeid med kommuneadministrasjonen elles.

Forskrift om nydyrking og forskrift om bygging av landbruksveg er heimla i jordlova.

Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav er heimla mellom anna i jordlova.

#### *Lov om forpakting*

Jf. lov om forpakting skal avtaler om forpakting leggast fram for kommunen for godkjenning.

Tabell 13 Tal saker jordlov, konesjonslov og lov om forpakting i ÅLA

	Årdal	Lærdal	Aurland
Konesjon	0	2	2
Driveplikt §8a	0	0	0
Omdisponering §9	2	1	0
Deling §12	1	3	0
Landbruksveg	0	4	4
Nydyrking	0	0	2
Søknad om utsett frist for spreing av husdyrgjødsel	2	5	4
Forpakting	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>15</b>	<b>12</b>

Kjelde: ACOS, Felles Landbrukskontor ÅLA

### 3 Skogbruk – diverse

Ulike spørsmål, søknadar og problemstillingar er handsama innanfor skogbruksforvaltninga i 2013.

Følgjande tal syner aktiviteten:

**Tabell 14 Skog avvirking i Årdal og Lærdal i m<sup>3</sup> og kroneverdi**

	Årdal		Lærdal	
	tal/m <sup>3</sup>	kr	tal/m <sup>3</sup>	kr
Gran industrivirke	6	11 160	313	85 724
Furu industrivirke	4561	1 200 639	1646	422 160
Juletre	-	-	514	144 624
<b>Total verdi</b>		<b>1 211 799</b>		<b>652 508</b>

Kjelde: FMLA

**Tabell 15 Skogfond innbetalingar i Årdal og Lærdal.**

	Årdal			Lærdal		
	Stk	m <sup>3</sup>	Total	Stk	m <sup>3</sup>	total
<b>Skogfond</b>			<b>66 399</b>			<b>192 156</b>

Kjelde: FMLA

**Tabell 16 Diverse løyvingar i Årdal, Lærdal og Aurland**

Diverse løyvingar	Årdal	Lærdal	Aurland:
<b>NMSK</b>	32 875	0	0
<b>LUF</b>	300 000	0	0
<b>Driftstilskot i vanskeleg terreng</b>	200 000	0	0
<b>Tilskot til vegprosjekt</b>	0	827 606	0
<b>Energiflis</b>	0	0	15 007
<b>Sum</b>	532875	827606	15007

Kjelde: Fylkesmannen

#### 3.1 Skogrådgeving i Indre Sogn

Statens Landbruksforvaltning har løyvd inntil kr 150 000,- til prosjektet ”Skogrådgeving i Indre Sogn”. Målet med bruk av midlane er å motivere og rettleie eigarar av små og mellomstore skogeigedomar. Etter planen skal me komma i gang med dette prosjektarbeidet våren 2014.

Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Årdal, Lærdal og Aurland. Felles Landbrukskontor ÅLA har ansvar for prosjektet.

## 4 Viltlova

### *Fellingsløyve elg/hjort/rådyr*

Fellingsløyve vert tildelt etter administrativt vedtak i samsvar med forvaltningsplan for hjortevilt.

**Tabell 17 Tildelte fellingsløyve, fellingsresultat og fellingsavgift i ÅLA**

	Tildelte fellingsløyve			Felt i ordinær			Fellingsavgift
	Elg	Hjort	Rådyr	Elg	Hjort	Rådyr	
Årdal	14	174	0	6	107	0	37 370
Lærdal	24	598	1	5	342	0	107 760
Aurland	19	292	0	3	151	0	49 760
<b>Samla</b>	<b>57</b>	<b>1064</b>	<b>1</b>	<b>14</b>	<b>600</b>	<b>0</b>	<b>194 890</b>

Kjelde: Viltforvaltninga i ÅLA

### *Oppfølging fallvilt*

Felles Landbrukskontor ÅLA får opplysningar om fallvilt frå ettersøksringane, politiet, E. Oppedal og Sønner og andre. Kontoret har ansvaret for å registrera fallvilt i Hjorteviltregisteret og senda inn rapport til SSB.

**Tabell 18 Fallviltregistreringa ÅLA 2013\***

	Årdal	Lærdal	Aurland
Påkøyrde hjort/rådyr/elg	10	36	2
Andre årsaker hjort/rådyr/elg	1	7	6
Andre dyr enn hjort/rådyr/elg	5	21	0
<b>Totalt tal registrerte fallvilt 2013</b>	<b>16</b>	<b>64</b>	<b>8</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA \* Kjende tal pr 29.04.14

### *Vald, valdkart mm*

Digitalisering av valdkart er gjennomført i Aurland i 2012. Tilsvarende vart ferdig i Lærdal i 2013/2014. Arbeidet med Årdal nærmar seg ferdig, og karta vert sendt ut i løpet av våren 2014.

### *Jegerprøve*

Det vart arrangert jegerprøve i Årdal og Lærdal i 2013. Prøvene vart arrangert på Aurland barne og ungdomsskule og på Årdal rådhus. Det har ikkje vore jegerprøvekurs og prøve for Aurland i 2013.

### *Hjortegjerdeprosjekt*

Statens Vegvesen løyvde kr 500 000 til oppsetting av hjortegjerde på Ljøsne. Gjerdet vart sett opp hausten 2013. Det ser so langt ut for at gjerdet har god effekt for å hindra hjortepåkøyringar i dette område. Løyvde midlar er ikkje brukt opp, og er sett på fond til å dekkja vedlikehald av gjerde.

### **Innsamling av hjortekjevar**

Det vart i 2013 samla inn kjevar og slaktevektar frå all felt hjort i ÅLA. Resultata var over all forventning! Tabellen under syner ei førebels samanstilling av tal leverte kjevar. Kjevane er sendt til analyse. Resultatet frå innsamlinga vil gje eit godt bilete av aldersamansetning og kondisjon på dyra pr 2013.

**Tabell 19 Innlevering av kjevar frå felt hjort i ÅLA i 2013**

Kommune	Tal felt hjort	Tal leverte kjevar	Prosentvis Innlevering
Årdal	107	74	70
Lærdal	342	292	85
Aurland	151	135	89

## **5 Lov om motorferdsel i utmark og i vassdrag**

Kommunane kan gje dispensasjon frå forbod mot motorferdsel i utmark og i vassdrag. Dispensasjon vert gjeve i medhald av lov, forskrift og lokale retningsliner.

**Tabell 20 Tal dispensasjonar til motorferdsel i utmark pr kommune.**

	Årdal	Lærdal	Aurland
<b>Snøscooter/Helikopter/fly</b>	4	12	36

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

### **5.1 Naturmangfoldlova**

Dei miljørettslege prinsippa skal vurderast i alle saker som kan verke inn på mangfaldet i naturen. I vedtak som gjeld bruk av areal og som kan verke inn på naturen, skal §§ 8-12 i lova vere vurdert. Dersom dette ikkje er gjort, er det sakshandsamingsfeil.

Felles Landbrukskontor ÅLA nyttar Naturmangfoldlova i fylgjande saker:

- Motorferdsel i utmark
- Landbruksvegar
- Viltforvaltning – tildeling av fellingsløyve og godkjenning av vald
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL-søknadar
- Søknad om nydyrking
- Utsett frist for spreiding av husdyrgjødsel
- Jordlova – omdisponering §9 og frådeling §12

#### *Midlar til tiltak i utvalde naturtypar*

I medhald av *Naturmangfoldlova* er det peika ut utvalde naturtypar i våre kommunar. Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for tilskotsordninga, i nært samarbeid med kommunane.

## 5.2 Andre lovar

Felles Landbrukskontor ÅLA gjev landbruksfagleg vurdering i samband med saker etter PBL, vassressurslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova. Omfanget av dette arbeidet er varierende.

## 6 Andre oppgåver og tiltak

### 6.1 Planarbeid

Felles Landbrukskontor ÅLA har medverknad, kjem med innspel og deltek i planprosessar for m.a. fylgjande planar:

Regionalplanar  
Kommuneplanar  
Reguleringsplanar  
Forvaltningsplanar  
Skjøtselsplanar  
Verneplanar  
Næringsplanar

### 6.2 Verdsarv - Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområde med verneområda

Kontoret har arbeid opp mot verneområdestyre for Nærøyfjorden, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap og verdsarvbøndene. I 2013 vart det betalt ut kr 2 232 280,- i verdsarvmidlar til verdsarvbøndene. Kontoret samarbeidar med fylkesmannen for kontroll og oppfølging av desse midlane.

På trass av kulden deltok likevel over 20 personar på markdagen hjå Nils og Margun Hylland i Nærøydalen torsdag 21. mars, arrangert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga(FMLA) og Felles landbrukskontor ÅLA.

### 6.3 Veterinærvakt

Felles Landbrukskontor ÅLA tilviser løyvde midlar til veterinærvakta. Kontoret administrerer og dei kommunale midlane.

Kommunalt driftstilskot:

Årdal: kr 100 000,-

Lærdal: kr 200 000,-

Aurland: kr 100 000,-

Statleg vakt og administrasjonstilskot: kr 692 480

Administrasjonstilskot: kr 27 708

## 6.4 Verneområde

Dei tre kommunane har fleire verneområde:

- Bleia naturreservat
- Bleia og Storebotn landskapsvernområde
- Hallingskarvet nasjonalpark
- Grånosmyrane naturreservat
- Jotunheimen nasjonalpark
- Kvitingsmorki naturreservat
- Norheimsdalen naturreservat
- Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Utladalen landskapsvernområde

Kontoret er involvert i ulike saker som gjeld forvaltning av verneområde. Her kan nemnast uttale i samband med byggeløyve, utarbeiding av skjøtselsplanar og handsaming og forvaltning av offentlege tilskotsmidlar.

## 6.5 Informasjon

Det vert sendt ut infoskriv til grunneigarane 3-4 gangar i året og lagt ut informasjon på heimesida til landbrukskontoret fortløpande.

Kontoret har dageleg spørsmål av ulikt slag både via e-post, telefon og besøk på kontoret.

## 7 Prosjekt sau og utmark 2012-2016

Felles Landbrukskontor ÅLA har saman med sauenæring og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, utarbeidd ein prosjektplan for utvikling av sauenæringa i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland. Fylkesmannen meiner dette prosjektet vil gje eit løft for sauenæringa i dei tre kommunane, og har løyvd BU-mindar.

Dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har løyvd midlar til prosjektet og valt folkevald medlem til styringsgruppa. Frå Årdal kommune deltek Ingvill Eldegard, frå Lærdal kommune deltek Anders Voll Eltun og frå Aurland kommune deltek Audhild Rogdo.

Tabell 21 Kostnad og finansiering av prosjektet

<b>Kostnad</b>	<b>Sum</b>
Prosjektmedarbeidar 60% i 4 år (løn og sosiale utgifter)	<b>1.400.000</b>
Kontorutgifter (kontorlokale, utstyr og material)	<b>70.000</b>
Kompetanseutvikling – kurs, fakturar og liknande	<b>250.000</b>
Administrasjon (møter, køyregodgjeriing, telefon, kopiering, porto, servering)	<b>250.000</b>
Diverse	<b>30.000</b>
<b>Samla kostnad</b>	<b>2.000.000</b>
<b>Finansiering</b>	
<b>Sum</b>	<b>Sum</b>
Bu-midlar	<b>1.000.000</b>
Årdal kommune(16% av kommunal del)	<b>150.000</b>



Lærdal kommune(54% av kommunal del)	<b>500.000</b>
Aurland kommune(30% av kommunal del)	<b>270.000</b>
Sauenæring	<b>80.000</b>
<b>Sum</b>	<b>2.000.000</b>

Kjelde: Felles Landbrukskontor ÅLA

Prosjektet tilsett Jostein Vonheim i 60% stilling frå 1.mars, han sa opp si stilling med verknad frå 1.oktober. Ivar Bjarne Underdal vart engasjert som prosjektleiar frå 1.desember til 31. mai 2014.

Årdal, Lærdal og Aurland er prosjekteigar, og prosjektansvarleg er Felles Landbrukskontor ÅLA.

### ***Styringsgruppa har peika ut 4 sentrale aktivitetssområde for prosjektet.***

- Verdiplattform og merkevare
- Beitebruksstrategi for ÅLA kommunane
- Bygningar, maskiner og ny teknologi
- Kunnskap

### ***I tråd med dette har prosjektet arbeidd med desse aktivitetane i 2013:***

- a. Mobilisering/oppstartmøte.  
Den 13 februar vart det halde avspark konferanse der over 100 personar møtte fram for å få informasjon om prosjektet.
- b. Gardsbesøk i Hallingdal.  
Det vart arrangert tur til Hallingdal der ein besøkte 3 gardar som har bygt ut for sau.
- c. Gjetarhund. Det vart arrangert demonstrasjon av gjetarhund under Lærdalsmarknaden den 27. september og infomøte same kvelden.
- d. Fjøsømte. Det vart arrangert fjøsømte på Hovland den 4 desember med 20 deltakarar.
- e. Gardsbesøk hjå interesserte med fokus på driftsutbygging.
- f. Styret. Det vart halde 4 møte i styringsgruppa i 2013.
- g. Det er oppretta mentorkorps der røynde sauebønder støttar opp om komande sauebønder.
- h. Radiobjeller. Prosjektet har administrert utprøving av radiobjeller som prosjektet fekk overta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Erfaringane er positive og interessa for både radiobjeller og satelittbjeller er aukande.